



Referat frå møte i SU 28.04.26

Til stades:

Viktor Hognestad Liland, elev 7.trinn
Oda Byberg, elev 6. trinn (forfall)
Mas Hadland, elev 5. trinn
Kristian Hognestad, FAU
Ingrid Underhaug Nielsen, FAU
Kjetil Hustoft, politiskar
Hanna Aase Undheim, tilsett
Ingveig Nærland Ødegård rektor
Kristin Sando, tilsett

Saker:

18 Godkjenning av referat

Ingen kommentarar til referatet.

19 Olweusundersøkinga – Ingveig orienterer

- * Positivt; Me har høg trivsel, høg prososial tendens og alle har minst ein ven i klassen.
- * Alle som har blitt mobba har sagt i frå til ein vaksen.
- * Det er litt høgare mobbetal enn i fjor, men lågare enn snittet.
- * Type mobbing; verbalt, kommentarar på utsjånad, rykter og løgn, samt noko utslag på utestenging. Mobbinga skjer mest i skulegarden.
- * Kva gjer skulen vidare? Rektor vil ta opp i elevrådet kva dei kan gjera. Er det noko me ikkje ser, som går under radaren? Oppfordra elevane til ikkje å le, eller bli med på utestenginga. Forklara for elevar som seier frå at me gjer noko sjølv om dei ikkje ser det. Fortsetja med AL og bordet. Forslag om å ha «månadens leik» for heile skulen? Skulen har gjennomført skulegardskartlegging, for å finna ut kvar mobbinga skjer, og er meir bevisste på t.d ballbingen. Evaluerer vaktplanen.
- * Skulen vil òg oppfordra føresette til å slå ned på uønska åtferd, sjå etter positive ting hos alle elevane. Og be føresette om å vera litt obs på å invitere alle gutar/jenter på besøk.

20 Årsrapport Timeskulen. Korleis gjer Hognestad skule det? – Ingveig orienterer

Årsrapporten måler arbeidet 1.-4. trinn, 5.-7. trinn og 8.-10. trinn. Den ser mellom anna på kartleggingsprøvar, nasjonale prøvar og elevundersøkinga. Resultata viser svingande resultat, og understreker behovet for systematisk og tidleg innsats. Satsinga på engelsk viser gode resultat. Me treng å halda trykket oppe på lesing og rekning i tillegg til engelsk. Me arbeider med å få systematikk inn i klasserommet, særleg på 5.-7.trinn. Det er viktig å ha heimane med, framsnakka og støtta læringa.

21 Utviklingsområde til hausten – Ingveig orienterer

Me hadde forms-undersøking blant elevane om motivasjon, korleis ønsker dei å påverka undervisninga, kva er nyttige tilbakemeldingar, korleis bli betre i norsk og fekk mange gode tilbakemeldingar. I ny utviklingsplan viser me til resultata i nasjonale prøvar, auka delmål ifht motivasjon. Me planlegg meir praktisk og variert undervisning, med vurdering som eit av områda. Me ønsker å arbeida med elevane si innstilling til læring, og bruk av vurderinga til auka motivasjon.

22 Anna

-Mindre ombyggingar: 500 000 kr som vart bevilga til måling av skulen vert no brukt til å utbetra TG3 avvika som branntilsynet avdekka. *Dei skal no laga ei rampe langs biblioteket med rømmingsveg, samt til dør Mat og helse rommet. Kanskje kan me få byte vindauge i grupperom i kjellar, slik at klasserommet kan brukast att. Kunst og handverks rommet veit me ikkje om me får utbetra nok til å kunne bruka. I dag har alle klassane kunst og handverk i klasseromma.*

-Status trafiksikring: Barnetråkk og oppreinsking i kryss opp mot golfbanen gjennomført. *Besøk av Barnetråkk for å kartlegga skuleveggar og finna trafikkfarlege punkt på skulevegen, samt kor elevane ferdes på fritida. Kommunen må gjera dette for å kunne få stønad frå Fylkeskommunen.*

-Rentekompensasjonsordning – har ikkje fått nokon konkrete svar frå kommunen om dette.

- *Kjetil spør vidare i kommunen. Kristian bistår med formulering av spørsmål.*

-Evaluering SU. Noko me saknar eller som bør justert?

* *Mandatet til SU,- klargjera/repetera jamnleg. SU har fungert greitt.*

Neste møte i august tysdagar, fire møter i året.

Referent

Kristin Sando